

# St.prp. nr. 63

(2006–2007)

## Om endring i kringkastingsavgifta for 2007 og omlegging av avgiftsinnkrevjinga i NRK

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 11. mai 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Bakgrunn

Det følgjer av kringkastingslova § 8-3 at Stortinget fastset kringkastingsavgift for den som har kringkastingsmottakar. Kringkastingsavgifta blir fastsett av Stortinget ved handsaminga av statsbudsjettet og gjeld for komande kalenderår. Vedtaket blir fatta medio desember. Kringkastingsavgifta for 2007 er sett til 1 948 kroner ekskl. meirverdiavgift.

Norsk rikskringkasting AS (NRK) kom i 2003 inn i meirverdiavgiftssystemet med full frådragsrett for inngående meirverdiavgift og 12 pst. meirverdiavgift på kringkastingsavgifta. Selskapet fekk kompensasjon for utgiftene knytte til meirverdiavgifta gjennom ei eiga løving under Finansdepartementets budsjett, jf. kap. 1632, post 71. I 2004 vart meirverdiavgifta redusert til 6 pst. og kompensasjonen over statsbudsjettet fall bort. I 2007 er meirverdiavgiftssatsen 8 prosent.

Ansvaret for å krevje inn avgifta er lagt til NRK, jf. forskrift av 23. oktober 1980 nr. 8798 om fjernsynsmottakarar. I dag fakturerer NRK lisensbetalarane to gonger per år, med forfall 1. mars og 1. september. Avgifta blir kravd inn på forskott for seks månader av gongen, dvs. at innbetalinga 1. mars gjeld perioden 1. mars - 31. august, mens innbetalinga 1. september gjeld for perioden 1. september - 28. februar det påfølgjande året.

Nye lisensbetalarar betaler avgift frå og med månaden etter at mottakaren blir innkjøpt. Dersom mottakaren blir tatt ut av bruk i perioden fell neste

forfall bort. Det blir ikkje gitt refusjon for innbetalt kringkastingsavgift.

Gjeldande praksis for avgiftsinnkrevjing inneber at NRK periodiserer to månader av kringkastingsavgifta som inntekt i regnskapet året etter kalenderåret. Etter at NRK kom inn i meirverdiavgiftssystemet har dette skapt problem for NRK sine innbetalingar av meirverdiavgift. Når meirverdiavgiftssatsen blir endra med verknad frå års-skiftet, vil NRK 1. september ha kravd inn feil meirverdiavgift for dei to månadene inn i det nye året. Dette skjedde både i 2005 da meirverdiavgifta på kringkastingsavgifta vart auka frå 6 til 7 prosent og i 2006 då meirverdiavgifta vart auka til 8 prosent. I 2006 vart kringkastingsavgifta auka med 48 kroner, mellom anna for å kompensere for denne fase-forskyvinga mellom innbetalt kringkastingsavgift og opptent meirverdiavgift.

I generalforsamlinga for 2005 bad dåverande kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland NRK om å setje i verk dei naudsynte førebuin-gane for å leggje om kringkastingsavgifta slik at periodane for innbetalingane følgjer kalenderåret. Stortinget vart orientert om dette i St.prp. nr. 1 (2005-2006).

I Budsjett-innst. S. nr. 2 (2006-2007)uttalte stortingsfleirtalet følgjande:

«Et annet flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Venstre, viser til at Stortinget hvert år vedtar kringkastingsavgiften for det etterfølgende kalenderår. NRK har regn-

skapsført avgiften med en faseforskyvning på to måneder. Likviditetsmessig har dette ikke hatt noen betydning, idet avgiften betales inn i to terminer, 1. mars og 1. september. Som følge av at kringkastingsavgiften nå er pålagt mer-verdiavgift, ble NRK i generalforsamlingen 2005 og i budsjettproposisjonen for 2006, bedt om å sørge for at periodene for innbetalingene følger kalenderåret i regnskapet. Dette flertallet har merket seg at NRK derfor pålegges å inntektsføre hele kringkastingsavgiften i det kalenderåret den blir innbetalt fra 2007. Dette er en ren regnskapsteknisk endring. Det får dermed ingen betydning for lisensbetalarne. Dette flertallet vil understreke at lisensen forutesettes betalt pr. 1. mars og 1. september på nøyaktig samme måte som før.»

Departementet har tolka dette slik at stortingsfleirtalet har føresett at inntektene frå kringkastingsavgifta frå og med 2007 skal inntektsførast i det aktuelle kalenderåret og at denne omlegginga ikkje skal få konsekvensar for lisensbetalarane.

## 2 Høyringa

### 2.1 Høyringsnotatet

I eit høyringsnotat av 31. januar 2007 presenterte departementet eit framlegg til omlegging av avgiftsinnkrevjinga i NRK som ville oppfylle stortingsfleirtalet sine føresetnader i saka. I tillegg vart det presentert to alternative modeller som høyringsinstansane også vart bedne om å kommentere. Alle dei tre modellane inneber at lisensperioden blir lagt om slik at den tilsvarer kalenderåret og meirverdiavgiftsåret. Alle modellane krev også endringar i forskrift av 23. oktober 1980 nr. 8798 om fjernsynsmottakarar.

#### Modell 1

Modell 1 innebar at det i 2007 blir kravd inn full kringkastingsavgift over ein periode på 10 månader. Med andre ord ville lisensbetalarane 1. september 2007 betale halvparten av fastsett årsavgift for ein periode på berre fire månader (1. september til 31. desember). Samstundes skulle det slåast fast at dersom mottakaren blir tatt ut av bruk, og dette blir meldt skriftleg til NRK før neste forfall, skulle det ikkje innkrevjast ytterlegare avgift. Dette ville sikre at omlegginga ikkje fekk økonomiske konsekvensar for lisensbetalarane.

For NRK ville forslaget gi ein positiv regnskapsmessig effekt i 2007 på om lag 550 mill. kroner. Dette ville vere ei reint regnskapsmessig endring, og ville ikkje innebere auka innbetalingar for NRK.

#### Modell 2

Modell 2 innebar at avgifta for 2007 blir avkorta slik at det berre blir kravd inn avgift for 10 månader. Deretter skal avgifta innkrevjast på forskott med forfall 1. januar og 1. juli. Dette føreset at avgiftsvedtaket blir fatta på eit tidlegare tidspunkt enn i dag.

Denne løysinga vil oppfylle pålegget frå Stortinget om å følgje kalenderåret, og gi NRK uforandra økonomi. Den oppfyller likevel ikkje føresetnaden i komitémerknaden om at innbetalingane av kringkastingsavgift skal skje akkurat som i dag. Eit anna problem med denne modellen er at Stortinget gjer vedtak om kringkastingsavgifta på eit så seint tidspunkt at det ikkje er tid til å sende ut regning i tide til å ha forfallsdato 1. januar. Ein slik modell krev dermed at vedtak om kringkastingsavgift må gjeraast på eit tidligare tidspunkt enn i dag.

#### Modell 3

Modell 3 tilsvarte modell 2 med den skilnad at betalingstidspunkta er som i dag, dvs. 1. mars og 1. september.

For NRK ville denne løysinga innebere ein permanent reduksjon i likviditeten på om lag 550 mill. kroner. Med forventa rentenivå ville dette medføre ei svekking av resultatet med om lag 20 mill. kroner per år.

### 2.2 Høyringsfråsegner

Departementet har mottatt høyringsfråsegner i saka frå Barne- og likestillingsdepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og NRK. Av desse er det berre NRK som hadde realitetsmerknader til utkastet.

NRK viser til at modell 1, som departementet gjekk inn for i høyringsnotatet, vil få store økonomiske konsekvensar for NRK:

«Å endre betalingen fra å være forskuddsbetalt til to måneders etterbetalt og fire måneders forskuddsbetalt (modell 1 og 3), vil innebære, som departementet selv peker på, et årlig inntekts tap for NRK på ca 40 millioner, siden nye lisensbetalarar da vil spare to måneders lisens. Skulle ein slik modell bli valgt, forutsetter vi at NRK får dette kompensert. Det ville ellers medføre reduserte inntekter og en svekkelse av programtilbuet i forhold til det som er lagt til grunn i lisensvedtaket for 2007.»

NRK ønskjer difor prinsipalt å oppretthalde det systemet som gjeld i dag:

«Til tross for de problemer som innføringen og seere justering av merverdiavgiften har medført, mener NRK prinsipalt at det likevel er sterkt ønskelig å videreføre gjeldende ordning. Vi tillegger således fordelene ved en forskuddsinnkreving vesentlig større vekt enn belastningen ved den risiko det er for senere avgiftsjusteringer. [...] Den økonomiske risiko ved å videreføre gjeldende system anses ... å være relativt liten.»

Subsidiært går NRK inn for «departementets alternativ 2, hvorved siste innbetaling 2007 avkortes og innbetalingstidspunktet deretter endres til hhv januar og juli.» NRK meiner at denne modellen ikkje vil få «vesentlige økonomiske eller administrative konsekvenser for NRK».

### **3 Kultur- og kyrkjedepartementets forslag**

---

Modell 1 i høyringsnotatet er etter Kultur- og kyrkjedepartementets vurdering den einaste som fullt ut vil oppfylle stortingsfleirtalet sine føresetnader. Departementet gjekk difor inn for denne modellen i høyringsutkastet. Modellen ville ikkje få negative konsekvensar for lisensbetalarane i og med at den innebar at det same beløpet skulle innbetalast på same tidspunkt som i dag og at innbetalinga ville gi høve til å bruke fjernsynsapparatet like lenge som i dag. Omlegginga ville heller ikkje innebere noko endring for lisensbetalarar som går ut av ordninga. For nye lisensbetalarar ville framleggget vere meir gunstig enn gjeldande ordning.

Kultur- og kyrkjedepartementet viser til høyringsfråsegna frå NRK og legg til grunn at Stortinget sine føresetnader ikkje kan gjennomførast utan at det får store negative økonomiske konsekvensar for NRK, noko departementet antar ikkje har vore tilskikta frå Stortinget si side. Kultur- og kyrkjedepartementet gjer difor framlegg om ein revidert modell 2:

1. Kringkastingsavgifta for 2007 blir avkorta med eit beløp som svarer til kringkastingsavgift for to månader.
2. Innbetalinga 1. september 2007 gjeld fram til 31. desember 2007, noko som vil gå fram av innbetalingsblanketten.
3. For framtida blir kringkastingsavgifta betalt i to ratar med forfall 31. januar og 31. juli. Innbetalingane vil gjelde høvesvis første og andre halvår.

Departementet legg til grunn at denne modellen samla sett vil ivareta dei ulike omsyna på den beste

måten. Hittil har heile kringkastingsavgifta blitt betalt på forskott med forfall 1. mars og 1. september. Det vert no lagt opp til at deler av kringkastingsavgifta skal betalast på etterskott med forfall 31. januar og 31. juli. Betaling på etterskott inneber auka rentekostnader for NRK, og det er difor ikkje lagt opp til ytterlegare etterskottsbetaling ved å oppretthalde for fallstidspunkta som i dag samstundes som lisensperioden vert endra. Etter framlegg i proposisjonen vil lisensbetalarane bli kompensert for omlegginga av lisensperioden ved at siste innbetaling i 2007 vert redusert tilsvarende kringkastingsavgift for to månader. Dette krev endring av avgiftsvedtaket for 2007.

Modellen vil gi betre samsvar mellom Stortings årlege budsjettvedtak og NRKs periodisering enn dagens ordning inneber, og sikrer at NRK kan inntektsføre heile inntekta frå kringkastingsavgifta i kalenderåret i samsvar med Stortinget sine føresetnader.

Avkortinga av avgifta for 2007 vil svekke NRKs likviditet med 600 mill. kroner, noko som vil påføre NRK ei auka rentekostnad på om lag 10 mill. kroner. Dette kan utliknast ved at avkortinga av kringkastingsavgifta blir redusert med fem kroner. Departementet gjer difor framlegg om at kringkastingsavgifta for 2007 blir sett til 1 628 kroner ekskl. meirverdiavgift.

Saken må leggjast fram for Stortinget på nytt, både fordi føresetnadene frå budsjettvedtaket for 2007 ikkje kan oppfyllast fullt ut, og fordi avgiftsvedtaket for 2007 må endrast.

### **4 Økonomiske og administrative konsekvensar**

---

For lisensbetalarane vil omlegginga innebere at andre termin av kringkastingsavgifta for 2007 blir avkorta med eit beløp som svarer til kringkastingsavgift for to månader. For seinare år vil innbetalingstidspunkta bli framskynda frå 1. mars og 1. september til 31. januar og 31. juli.

For NRK inneber omlegginga at kringkastingsavgiftsåret vil svare til meirverdiavgiftsåret. Dette betyr at det ikkje lenger vil skje nokon faseforskyving mellom innbetalte kringkastingsavgift og opptent meirverdiavgift.

Avkortinga av kringkastingsavgifta for 2007 med eit beløp tilsvarende kringkastingsavgift for to månader vil gje NRK eit likviditetstap på om lag 600 mill. kroner. Dersom ein legg til grunn ein rentesats på 5 pst. vil dette påføre NRK ei auka rentekostnad på om lag 10 mill. kroner i 2007. Dette vert

utlikna ved at avkortinga av kringkastingsavgifta blir redusert med fem kroner.

Omlegginga vil også føre til lågare likviditet for NRK i 2008. Departementet kjem attende til denne saka i St.prp. nr. 1 for 2008.

Endeleg kringkastingsavgift for 2007 blir difor sett til 1 628 kroner ekskl. meirverdiavgift. Avgifta gjeld perioden 1. mars til 31. desember 2007, dvs. ti månader. Over 12 månader ville dette gitt ei samla kringkastingsavgift på 1 953 kroner, ekskl. meirverdiavgift.

---

Kultur- og kyrkjedepartementet

**t i l r å r :**

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring i kringkastingsavgifta for 2007 og omlegging av avgiftsinnkrevjinga i NRK.

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

**s t a d f e s t e r :**

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring i kringkastingsavgifta for 2007 og omlegging av avgiftsinnkrevjinga i NRK i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## **Forslag**

### **til vedtak om endring i kringkastingsavgifta for 2007 og omlegging av avgiftsinnkrevjinga i NRK**

I

Stortinget samtykker i at for 2007 skal kringkastingsavgifta for fjernsynsmottakarar vere kr 1 628 ekskl. meirverdiavgift.

---